

**Fra:** Tore Slinning (Tore.Slinning@hfk.no)

**Sendt:** 26.06.2018 13:47:08

**Til:** 'KAMBO Energi AS'

**Kopi:**

**Emne:** SV: Detaljplan Valdra kraftverk, arkeologisk registrering

**Vedlegg:** Kostnadsoverslag, Valdra kraftverk.pdf;image001.png

Hei

Viser til telefonsamtale angående detaljplan for Valdra kraftverk, og avklaring av kulturminneinteresser i tiltaksområda i høve til undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova.

Endeleg fråsegn om kulturminne frå Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune vil bli gitt etter at undersøkingsplikta er oppfylt ved arkeologisk registrering. Vi gjer som tidlegare merksam på at planane må reviderast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde, dersom det viser seg at tiltaket eller delar av dette kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar.

Kostnadsoverslag er lagt ved. Dette er eit overslag som gir ei ramme for prosjektet, der tiltakshavar i etterkant berre blir belasta for reelle kostnader. Skulle kostnadene av upårekna årsakar overskride det vedlagte kostnadsoverslaget, vil vi varsle dykk om dette.

Skriftleg godkjenning av kostnadsoverslaget med opplysningar om organisasjonsnummer, samt signatur til den som er ansvarleg betalar sendast til Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune (scannet, signert svarbrev kan sendast pr. e-post). Der ein nyttar ressursnummer skal dette også gjevast opp. Når kostnadsoverslaget er godkjend vil vi ta kontakt for å avtale når arbeidet kan utførast.

Om det ligg føre meir detaljerte kart over planlagde tiltak, så vil det vere til hjelp for eit mest mogleg effektiv feltarbeid, og kan sendast til [tore.slinning@hfk.no](mailto:tore.slinning@hfk.no)

Venleg helsing

**Tore Slinning**

spesialrådgiver - arkeolog

Fylkeskonservatoren



Agnes Mowinckels gt. 5 | Postboks 7900 | 5020 Bergen

55 23 95 69 | [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)